



MØTEBOK

Arbeidsseminar Økonomiplan 2019-2022. Budsjett 2019

Utval sak	Utval	Møtedato
54/18	Formannskapet	05.09.2018

Vedlegg:

Program for dagen
Kostraanalyse Fitjar kommune
Epost om inntekter frå havbruksfondet

Bakgrunn:

Føremålet med møtet er å få eit sterkare felles kunnskapsgrunnlag om både sektorane og heilskapen i Fitjar kommune, drøfta strategiske retningsval og omstillingsområde, og prioritere område for driftsreduksjonar. Det vil forankra arbeidet med økonomiske prioriteringar djupare fram mot komande økonomiplan. Vi vil nytta arbeidsformer som gjer at alle i møtet deltek i det konkrete prioriteringsarbeidet og ei god førebuing er kommunen sine styringsdokument – økonomiplanen og sektorplanar.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 05.09.2018:

Møtet i formannskapet hadde innleiingar frå rådmann, økonomisjef, etatsjefar og eit par einingsleiarar slik at alle sektorar i kommunen vart gjennomgått.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) innleia møtet. Ho oppsummerte bakgrunnen for budsjettarbeidet for 2019, og peika på økonomiske utfordringar for kommunen i åra framover. Utsendt program for dagen vart endra for å imøtekoma noko av media sitt ønskje om ope møte.

Leiarane presenterte sektorane, og områda med størst utfordringar for neste års budsjett og økonomiplanperioden 2019-2022. Det vart spurd om ulike tema etter kvar sektor sin presentasjon.

Møtet vart heva kl. 11.30.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

Olaug Haugen
Rådmann